

Møre og Romsdal fylke  
postmottak@mrfylke.no

3. januar 2008

## MILJØSERVICE AS – EIDE – AVVIK FRÅ LØYVET

Naturvernforbundet har heile det siste året fått tips om avfallshandsaming av ulike slag knytt til Miljøservice AS.

Naturvernforbundet har den haldninga til avfallshandsamingverksemd at dette er gode tiltak viss dei blir drivne rett og slik at ein ha tillit til at verksemda skjønar kva dei handsamar og gjer ein god jobb. Når det skjer avvik og grunnlaget for nemnte tillit manglar, må forureiningsmynde gå inn i verksemda og få ordna opp i dette.

Skilnaden mellom det som skjer inne på området og det løyvet som er gitt 29.6.2007 ser for oss ut til å vere av ein slik storleik at det er vanskeleg å setje lit til at verksemda oppfyller dei krava som er vanskelegare å kontrollere.

### 1. Verksemda skjer på fleire eigedomar enn det som er referert til i løyvet.


Naturvernforbundet kjenner til at i alle fall 3 eigedomar utanom den som er nemnt i løyvet blir eller til nyleg har blitt nytta til lagring av avfall i både sortert og usortert tilstand, jf. vedlagde kart og bilete. I tillegg er det eit areal i nord i tilknytning til løyveeigedommen som vi tvilar på er med i avtala.

Følgjande eigedomar er i bruk/har vore i bruk til nyleg:

Gnr/bnr	Eigar	Merknad
162/604	Miljøservice AS	Hovudeigedommen
162/206	Haba invest AS	Det nye arealet
162/425	Haba eiendom AS	Bebygd eigedom søraust for 604
162/526	Haba eiendom AS	Eigedom sør for 604
162/529		Leigd tomt aust for 604
162/524	Eide kommune	Leigd tomt aust for 425
162/	Eide kommune	”Leigd” tomt sørvest for 604
162/	Eide kommune	Område nord for bnr 604

### 2. Mottak av avfallskategoriar som ikkje er med i løyvet

Biletet nedanfor viser at det den 16.12.2007 er tatt inn i alle fall 4 bilvrak i området. Dette høyrer ikkje med under dei avfallstypene som er med i pkt. 3.1. i løyvet. Vi er kjent med at Miljøservice AS har søkt om å få ta mot bilvrak, men høyringsperioden knytt til handsaminga av dette løyvet er ikkje gått ut endå då biletet blei tatt, og ikkje ferdig handsama.



Vi går ut frå at det i samsvar med pkt. 3.4 i løyvet er sett i verk rutinar slik at leverandøren av bilvraka er varsla om feilleveringa. Det tykkjer vi det er på sin plass at fylket kontrollerar.

### **3. Klargjering av nytt område**

Nye område som blir tatt i bruk skal ha fast dekke. Biletet i vårt pkt. 2 er frå det nye området og viser eit område som er tatt i bruk utan å ha fast dekke. Ein del av det nye området har vore planert ei tid, men det verker som det faste dekket let vente på seg. Den gule maskina litt til venstre for midten av biletet ser elles ut til å vere delvis nedgraven – ein underleg metode i sorteringa av avfallet eller opparbeiding av området.



I romjula no er lagrings- og sorteringstilstanden slik som biletet viser på det nye området. Her får avfall blande seg med jord og det er minimal kontroll med avrenningstilhøva. Det kan og sjå ut til at treflis blir brukt som planeringsmasse.

#### 4. Omlasting og sortering på tett plate og under tak



Frå 1.1.2008 er det i løyvet krav om at omlasting og sortering skjer på tett plate og under tak (pkt. 3.5.2). Vidare er det krav til avrenningssystem frå desse flatene (pkt. 3.6). Til no har vi ikkje sett noko til kontrollert avrenningssystem frå areala som tidlegare har vore i bruk, og det ser ut av bileta pr. 16.12.2007 at slikt anlegg ikkje vil vere på plass på det nye arealet heller innan fristen. Det er laga fundament for ein hall, men det faste dekket manglar også. Når verksemda har drive i meir enn 10 år utan at avrenningssystem er på plass, må fylket stoppe mottaket av avfall frå 1.1.2008 viss dette ikkje er ordna.

#### 5. Gjerde og port

Naturvernforbundet har ikkje sett veldig mykje gjerde kring denne verksemda. Er det som finst i samsvar med plana?



Arealet som Miljøservice AS har brukt mot sørvest er eit godt døme på kva som hender når det manglar gjerde. Det området fungerer nok delvis som søppeltømmingsplass for andre no. Så lenge det ikkje er rydda ferdig og det ikkje er inngjerda vil det bli slik. Det må vere Miljøservice AS sitt ansvar å halde området avstengt til området er rydda fullt og heilt.

#### **6. Tiltak mot forsøpling**

Som biletet under viser er det avfall i bekken langs anlegget. Normalt bør det ikkje vere slikt avfall i det heile. Viss det ved spesielle høve likevel skulle skje, kan ein vente at det blir rydda, jf. pkt 4.1. Har fylket gjort noko med oppfølging av dette punktet i løyvet?



## 6. Måleprogram

Det skal ligge føre eit overvåkingsprogram innan 31.10.2007. Vi har mottatt eit dokument med tittel "overvåkingsprogram". Dokumentet er ikkje dagsett og verksemda er ikkje nemnt med namn, men det kan sjå ut til at det gjeld Miljøservice AS. I dokumentet blir det vist til at det nye området ikkje er ferdigstilt. 2 månader før anlegget venteleg skal stå ferdig ville vi trudd at det i alle fall skulle vere planar for avrenningssystemet på dei nye areala, jf. pkt. 3.6.3, og at det var råd å vise til desse planane. Vi går ut frå at det annakvar måned skal takast prøve også frå eksisterande anlegg, og at det ligg føre eit utval punkt der prøver skal takast. Når det i dokumentet blir sagt dags dato og dokumentet ikkje er dagsett, vil vi gjerne vite når prøvetakinga startar opp. I tillegg meiner vi at overvåkingsprogrammet er vagt med omsyn til målepunkt. Vi er kjent med at Eide kommune har fått utført målingar tidlegare i år. Sidan referansepunktet i dei målingane moglegvis ikkje er ein god referanse, meiner vi det er viktig at valet av målepunkt blir særskilt gjennomgått.

## 7. Planar, rutinar, avtaler

I løyvet er det vist til ei rad planar, rutinar og avtaler som skal vere på plass. Det er naturleg at vi spør verksemda direkte om innhaldet i slike dokument i samsvar med dei rettane Naturvernforbundet har etter miljøinformasjonslova, men vi vil spørje fylket om slike dokument er lagt fram/kontrollert, og i tilfelle kva tid og om fylket har vore nøgd eller hatt merknader:

- Internkontrollsystem, jf. pkt. 2.5
- Kundeinformasjon, jf. pkt. 3.3
- Rutine knytt til kjeldesortering og avfall som ikkje skal inn i anlegget, jf. pkt. 3.4
- Avtale om skadedyrkontroll, jf. pkt. 3.5.5
- Detaljplan for utviding av anlegget, med skildring av avrenningssystem m.v., jf. pkt. 3.6.3
- Plan for avvikande lagringsperiode, jf. pkt. 3.8
- Beredskapsplan, jf. pkt. 4.3
- Driftsplan, jf. pkt. 4.4
- Driftsinstruks, jf. pkt. 4.4
- Oversyn over ureina grunn innan verksemda sitt område, jf. pkt. 5

- Miljørisikoanalyse, jf. pkt. 7.1
- Førebyggande tiltak etter miljørisikoanalyse, jf. pkt 7.2
- Beredskapsplan, jf. pkt. 7.3
- Kontroll av at loggbok finst og blir ført, jf. pkt. 8.1
- Kva som er målt og utrekna som utslepp, jf. pkt. 8.5
- Har fylket stilt krav til dokumentasjon jf. pkt. 10?
- Forslag til garantiordning, jf. pkt. 14?

Det er mogleg at nokre av desse dokumenta har heimel først i løyvet av 29.6.2007, og at dei først vil ligge føre etter førstkomande årsrapport. Då ber vi om å få opplysningar tilsvarande for det gamle løyvet så langt det er relevant.

Med helsing

Øystein Folden  
Leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Kopi:  
Miljøservice AS (trygve@miljoservice.net)  
Eide kommune (postmottak@eide.kommune.no)